

Kyrkjeklokka

Nr 3 - 2019

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

83. årgang

*Avskildsgudsteneste
for prost*

Rolf Schanke Eikum

*Ny suksess for
Sommarkonserten
i Gamlekyrkja i Olden*

Ingeborg
Matre
*prost i Søre Sunnmøre
Prosti*

*Dette kan bli årets
konsertoppleveling!
I Olden kyrkje
tysdag 12. november*



*Nydelege haustfargar ved ein fjellbekk på Strynefjellet
Foto Tone Merete Fure 20. september 2018*

Salmen er skrevet av den svenske pastoren og salmediktaren Carl G. Boberg i 1886. Musikken er ein svensk folkemelodi publisert i Sanningsvitnet i 1891. Salmen sin tittel på engelsk er How Great Thou Art og den skulle bli ein av verdas mest berømte salmesongar.

Både på norsk og på svensk heiter hymnen O store Gud. På svensk finn vi salmen i 1986 års psalmbok med seks strofer, mens den på norsk ofte vert sett berre med fire. Originalen har derimot heile ni strofer.

Salmen er oversatt til norsk av Knut J. Andersen i 1956 og vi finn den i Norsk Salmebok (2013) som nummer 284.

Salmen vert brukt i fleire forskjellige trussamfunn. Den er sunge inn på plate av m.a. Karsten Eknorss, samt Bjørø Haaland har den med på ei av sine countryplater.

Elvis Presley sang den engelske versjonen How Great Thou Art inn på plate 27. februar 1967, Etter Elvis sine år i Hollywood med innspeling av rundt 30 spelefilmar tok Elvis opp att turneane sine i 1969 og turnerte fram til han gikk bort i 1977. På dei fleste av dei 1128 konsertane hadde Elvis med denne flotte salmen.



0 store Gud

O store Gud, når jeg i undring aner
hva du har skapt i verden ved ditt ord.

Ser universet med de mange baner
og vet alt liv oppholdes ved ditt bord;

/ Da bryter lovsang i fra sjelen ut;
O store Gud, o store Gud*/*

Når jeg så vet hvor Kristus lot seg føde,
vet hvor han gikk omkring og gjorde vel
inntil han sonet verdens synd og døde
og oppstod for å frelse hver en sjel:

Omkved

Når skyldbetyngset jeg ved korset faller
for Jesu føtter ned, i bønn om fred,
og hører frelserrøsten kjærlig kaller
og ser det var for min skyld at han led;

Omkved

Når jeg må høre mennesker forakte
og tvile på de ord som Gud har sagt,
men ser hvor gjerne de tross alt vil akte
på sæd og høst og nådens skapermakt;

Omkved

Når vårens vinder suser over trakten.
Når blomster dufter skjønt ved bekkens fot.
Når lerken jubler over sommerprakten,
og furuskogens ange slår imot;

Omkved

Når jeg i Skriften ser de mange under
som Gud har gjort fra første Adams tid,
og ser hvor trofast Herren alle stunder
har ført sitt folk igjennom livets strid;

Omkved

Når så til slutt hvert tidens slør må falle,
og troens mål er nådd, så jeg får se,
vil evighetens klokker sjelen kalle
for tronen mellom skaren hvit som sne;

*/*Da bryter lovsang i fra sjelen ut;
Takk store Gud, takk store Gud*/*

In Memory of Elvis Gospel vol. 2 kjem til Olden kyrkje

Paal Flaata, Stephen Ackles og Vidar Busk held fram suksessen etter den eventyrlige mottakinga dei fekk i 2018! Nærare 80 konsertar og utelukkande strålende omtale i media.

Det vart tidleg bestemt at det ville bli ein oppfølgjar, og frå september 2019 er det klart for "In Memory of Elvis Gospel - vol. 2".

Tysdag 12. november gjer denne turneen eit stopp i indre Nordfjord, med konsert i Olden kyrkje kl. 19.00.

Elvis spelte inn 79 gospel-songar i løpet av karrieren. 24

av desse var med i den første gospelkonserten. Fleire av dei vil bli erstatta med nye songer når The FAB-3 med band, blåsarar og eit lokalt kor vil gje publikum ei ny gåsehud-oppleving! Var du mellom dei som opplevde "In Memory of Elvis Gospel", vil "vol. 2" vere verdt å få med seg. Vi garanterer ei minst like magisk oppleving som sist - med mange nye songar.

Olden Singers medverkar på fleire av songane. I halvannan time blir det eit gjenhør med mange kjende songar frå Elvis sine innspelingar!



The FAB-3 stiller med 16 personar i følgjet. Saman med Olden Singers, som har øvd sidan i vinter, vert dette kjempebra!!

Vidar Busk

Vidar Busk, født 19. mai 1970 i Langesund, er ein norsk gitarist, vokalist, låtskrivar og plateprodusent innan sjangrane blues og soul.

Han vaks opp i Langesund, men reiste til USA som 15-åring for å spele i bandet til den amerikanske bluesartisten Rock Bottom.

Han turnerte i USA i fleire år før han vende tilbake til Norge i 1990, og vant Smugetprisen 1994.

Ektefelle: Line Busk

Her gjeld det å skaffe seg billett i tide!
[https://www.ticketmaster.no/
event/in-memory-of-elvis-gospel-vol2-billetter/595495](https://www.ticketmaster.no/event/in-memory-of-elvis-gospel-vol2-billetter/595495)

Paal Flaata

Paal Flaata, født Pål Flåta 8. april 1968, er ein norsk vokalist, kjent frå Midnight Choir og som soloartist.

Flaata starta si karriere i Skien-banden Memphis News og sidan i Pål & Pål Band med mellom anna Pål Jensen, Carsten «Kesh» Holt og Vidar Busk. I byrjinga av 90-talet reiste Flaata til Oslo saman med to andre musikara. Der spelte dei hillbilly-musikk på gata og kalla seg Hashbrowns.

Då gruppa fekk platekontrakt, og seinare skulle spele inn plate i USA, måtte dei legge om profilen. Hashbrowns vart då endra til Midnight Choir. Flaata fronta Midnight Choir til bandet vart oppløyst i 2004.

Han debuterte som soloartist i 2002.
Ektefelle: Stine Sollie Flåta (g. 2013)
Barn: Dina Sollie Flåta, Vilde Sollie Flåta

Elvis Aaron Presley

Elvis Aaron Presley var ein amerikansk songar og skodespelar. Han vert rekna som den første underhaldningsartisten som i kommersiell skala kombinerte vestleg ungdomsopprør med populærkultur. Med tilnavnet «King of rock and roll», eller berre «The King», vert han sett på som forbilde og eit ideal på ei popstjerne.

Fødselsdato: 8. januar 1935, Tupelo, Mississippi, USA

Døde: 16. august 1977, Graceland, Memphis, Tennessee, USA

Utdanna ved: Humes Preparatory Academy Middle School (-1953)

Ektefelle: Priscilla Presley (1967-1973)

Barn: Lisa Marie Presley

Barneborn: Riley Keough, Benjamin Keough, Finley Aaron Love Lockwood, Harper Vivienne Ann Lockwood

Stephen Ackles

Stephen Ackles, født 15. februar 1966 i Brevik, er ein norsk songar, pianist og låtskrivar som hovedsakleg spelar rock 'n roll inspirert av Jerry Lee Lewis, Chuck Berry, Little Richard, Elvis Presley med fleire.

Han har norsk mor, Bergliot Kittilsen, og amerikansk far, Allan Dale Ackles.

Ackles har jobba og delt scene med fleire verdskjende artistar som Elton John, Carl Perkins, Tom Jones, Johnny Cash, Kris Kristofferson, Little Richard, Waylon Jennings, Jerry Lee Lewis, Linda Gail Lewis, James Burton og Narvel Felts.

Ackles vert rekna som ein av Norges største pianoentertainerar gjennom tidene og han har ved fleire høve turnert i Europa mellom anna i Nederland, Belgia, England og Danmark, samt USA.

Avskildsgudsteneste for prost Rolf Schanke Eikum den 17. november av Hege Høyby

Prost Rolf Schanke Eikum går av med pensjon etter mange år i tenesta. Det blir markert med avskildsgudsteneste i Eid kyrkje den



Godt omtykt prost vert no pensjonist

*Avskildsgudsteneste i
Eid kyrkje den
17. november kl. 16:00*

17. november kl. 16:00, og vi håper mange også fra Indre Nordfjord vil finne vegen dit for å ta avskild med prosten vår.

Søknadsfristen for stillinga er 22. september, så vi veit ikkje kven som tek over når kyrkjeklokka går i trykken.



Prost Rolf Schanke Eikum

Hornindal bytter prosti og bispedøme

Ingeborg Matre - prost i Søre Sunnmøre Prosti av Brynhild Lund Notøy

Frå 01.01.2020 vert Hornindal Sokn ein del av Søre Sunnmøre Prosti. Då vert Ingeborg Matre vår prost. Ingeborg Matre bur i Volda. Ho har kontorfellesskap med kyrkjekontoret i Volda.

Ingeborg Matre er 59 år. Ho kjem frå Stavanger. Utdanninga si tok ho ved Misjonshøgskulen i Stavanger, men ho var misjonsprest berre ein dag. Ho reiste til Zagreb i Jugoslavia. Dagen etter ho byrja braut kriegen ut, og ho måtte reise heim.

Etter det var ho sjømannsprest og studentprest i fleire land. Då ho tok til som sokneprest i Nissedal, kom ho frå Rotterdam. Det var ein stor overgang.

Mannen hennar kjem frå Dalsfjorden, og då prostebetet på Sunnmøre vart ledig, søkte ho og fekk stillinga. Det er kjekt å vere i nærleiken av familien. I tillegg til å vere prost, har ho gjort presteteneste i dei 4 Volda-sokna.

Prestestillinga for Austefjord, Storfjord og Hornindal er lyst ut. Når det vert tilsett prest, vil ho verte prost på heiltid.



Ingeborg Matre
Foto Anitha Kvamme

Ingeborg Matre gled seg til å verte kjend med kyrkjelyden i Hornindal. Det vert viktig for henne å skaffe seg oversikt over aktivitetene

Farvel og velkommen til Hornindal av Hege Høyby

Den 1. desember skal det markerast at Hornindal sokn går over til Møre bispedøme. Det blir gudsteneste i Hornindal kyrkje kl. 11 ved biskopane i Bjørgvin og Møre, prostane, og flere frå både Horn-

i kyrkjelyden. Ho er oppteken av å ta vare på gode tradisjonar. Må ein endre på noko, må ein involvere dei det berører og i fellesskap finne gode løysingar.

Ingeborg Matre ser gjerne at ho vert invitert til lag og organisasjoner for å verte betre kjend i bygda og med bygdefolket. For henne vil det vere ein god måte å møte innbyggjarane på og byggje fellesskap. Det er viktig å involvere kyrkjelyden i arbeidet i kyrkja. Ho legg stor vekt på god samhandling for at alle skal kjenne seg velkomne i det nye prostiet.

Vi vil ønske Ingeborg Matre lukke til i arbeidet med å inkludere Hornindal i Søre Sunnmøre Prosti.

indal og Volda. Det er sjeldan eit sokn bytter bispedøme, og vi skal både seie farvel og velkommen. *Meir vil kome, men vi håpar særleg at dei vi har hatt eit nært samarbeid med, vil ha moglegheit til å kome.*



Kontortider - telefon - e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

Stryn kyrkjekontor

Postadresse: Tonningsgata 4
Besøksadresse: Rognhaugen 11
E-postadresse: kyrkja@stryn.kommune.no
Heimeside: www.stryn.kyrkja.no

Hornindal prestekontor

Tlf 57 87 98 33
Mobil 930 01 473
Sokneprest Hege Høibye
sokneprest@hornindal.kommune.no

57 87 61 82 Trusopplærar
Guro Petronella Enerhaug
guro.enerhaug@stryn.kommune.no

Kyrkjeverja i Stryn

Det vil i løpet av hausten bli sendt ut faktura på festeavgift for dei gravene som har festeforfall i 2019.

Siste året har vi fått merknadar

Redaksjonen

Heimesida til Kyrkjeklokka har blitt flytta

Kyrkjeklokka si heimeside er "flytta inn" på heimesida til Kyrkja i Indre Nordfjord.

Etter lengre tids utfordring med plattformen der bladlaget kjøpte plass til vår heimeside, vart Kyrkjeklokka si heimeside flytta. No finn du oss som ei arkfane på sida til Stryn kyrklege fellesråd.

Kyrkjeklokka

Web: www.kyrkjeklokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal og Stryn kommunar

Stryn kommune

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri
Tlf 57 87 61 84
Mobil 913 27 882
kari.muri@stryn.kommune.no
57 87 61 80 Telefonsentral
57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestol
57 87 61 81 Sekretær Anne L. Honningsvåg

Hornindal kommune

Kyrkjeverje Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag kl. 09 - 13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Innvik prestekontor

Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12
runde.harald@gmail.com

Trusopplæring

57 87 61 83 Kateket
Beate Nes
beate.nes@stryn.kommune.no

Redaktør for dette nummeret er:

Knut Sigurd Gald
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsførar abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik
6788 Olden. Tlf 990 28 076
john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenenten er frivilleg.
Vi takkar for betaling og støtte.

Stryn prestekontor

Tlf 57 87 61 85
Mobil 948 32 875/916 01 630
Sokneprest Henny Koppen
henny.koppen@stryn.kommune.no

57 87 61 80 kyrkjelydspedagog
Martine Bø Solbakken
martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

Festeavgift 2019

på utforming av teksten i våre festefakturaer, og dette er noko vi ynskjer å forbetra til komande utsending.

Vi på kyrkjeverjekontoret vil

vere tilgjengeleg for dei som har spørsmål. Vi svarar så fort vi kan, og ber om forståing for at det kan ta litt lenger tid i periodar med stor pågang.





Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Framsnakking av soknerådsarbeid

Eg er på veg til Loen, til det siste soknerådsmøtet med det einaste soknerådet eg har hatt i bygda – så langt. Ikkje rart det kjem tankar der eg kører etter vegen. Eg har høyrt så mange seie at soknerådsarbeidet er ei tung plikt som dei fleste tek på seg fordi dei må – sidan dei er medlemmer i kyrkja. Enkelte går så langt at dei melder seg ut av kyrkja for å sleppe å sitje i soknerådet. Og eg kører til Loen og tenkjer at desse menneska har ikkje eg møtt. Eg har hatt tre sokneråd desse fire åra, og eg har berre møtt entusiasme, iver og interesse frå konstruktive, positive menneske som har visst at kyrkja må vi ta vare på. Kyrkja skal vere der når vi treng henne, og då må nokon syte for at hjula går rundt, ja meir enn det, vi må syte for å skape interesse og begeistring hos nye og noverande medlemmer.

Eg tenkjer på alt som har skjedd i mitt område desse fire åra; ny

prosesjonskross, glasplate til alter, nytt golvteppe i kyrkjeskipet, nye lydanlegg, prosjektorar og skjermar, rullegardiner, ny lyssetjing på alteret, informative facebooksider, plakatar, skilt, nytt toalett, nye puter i benkane, opne kyrkjer med og utan kaffi, musikkarar og kor som har stilt opp gong på gong, friluftsgudstenester med alt det inneber av praktisk tilrettelegging, kyrkekaffi, kaker, barnekor, drop-in-bryllaup, dåp av ungdommar og vaksne – for å nemne noko. Alt dette har soknerådsmedlemmene fiksa og fått til, og ingen har sagt: «Dette klarar vi ikkje», eller «dette blir for dyrt». Det viste seg at vi fekk det til og at pengane heldt. Og for kvart prosjekt som kom i mål, stort eller lite, så gledde vi oss saman. Takk, sokneråd! Takk til sokneråd i alle bygder, som har delteke på same måten midt i sin kyrkjelyd. Takk for at de har vist at dette har vore fint å vere med på. Takk for at de

har vist glede og begeistring for alt som har lykkast, takk for at de ikkje var redde for å prøve også det som var usikkert og takk for at de ikkje resignerte når det butta imot.

For dei fleste var fire år nok i denne omgangen. No skal nye overta. Om lag 50 nye soknerådsmedlemmer startar i desse dagar på oppgåvane i dei åtte kyrkjelydane våre. Minst 50 medlemmer av kyrkja vår skal oppleve det same som avtroppende soknerådsmedlemmer har sett: *Dette arbeidet er interessant*. Det er lett å få med seg medhjelparar. Det er lett å skape begeistring. Folk flest er positive. Dei er takksame for det som skjer i kyrkja. Mange er rett og slett overraska over kor fint det er å kome inn i desse heilage husa og oppleve freden, gleda, velsigninga, tryggleiken og fellesskapet.

Til deg som er ny soknerådsmedlem: *Gled deg til å vere med på å skape dette.*

Vest i Mali har dei pantsett framtida

Mali

Namnet Mali er etter malinde-folket som grunnla Mali-riket. Presidentstyrt republikk i Vest-Afrika, ligg i regionen Sahel, grensar til Algerie, Niger, Burkina Faso, Elfenbeinskysten, Guinea, Senegal og Mauritania. Om lag 18 millionar innbyggjarar. Er nesten fire gonger større enn Norge i areal. Eit av Afrikas fattigaste land.

I Tomora, vest i Mali, vil mennene til Europa for å sikre storfamilien eit betre liv. Difor har landsbyane mange enker. Her startar Normisjon eit prosjekt som skal få menn til å bli.

Mali - eindel av regionen Sahel

Heilt vest i Malis karrige landskap ligg regionen Kayes. I Kayes ligg kommunen Tomora. I Tomora ligg byen Oussoubidiagna. Her bur Makan, som saknar bestevenen Carlos. Framleis, mange år etter at han forsvann.

Gudsteneste i Liatunet

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo

Foto: Geir-Ståle Vatnamo

Kvar sommar brukar vi å ha ei støylsmesse i Innvik. I år vart den lagt til Liatunet på Liatundagen siste søndag i august. Trass i kollisjonar med ein del andre arrangement rundt omkring i bygdene, var over 60 menneske frammøtte.

På Liatundagen er det omvisning i dei gamle bygningane, sal av rømmegraut og kaffimat, og sosialt treffpunkt for bygdafolk og tilreisande. Dag Vanberg er fast omvisar i Liatunet, og har fantastisk god kunnskap om historia, og framifrå forteljarevne. Etter eit par timars program, starta gudstenesta.

Sokneprest Harald Runde var liturg og preika, organist Oddvar Bergset spela på keyboard til son-

gane, og Brit Lundby Hilde var kyrkjevert. Det vart ei fin stund i fint ver.



Gudsteneste i det fri i Liatunet i Innvik sommaren 2019

Av

Bjørgulg K. Bjåen
Vårt Land

EU og Norge pumpar pengar inn i Sahel

EU har sett av 46 milliardar kroner for å stoppe massemigrasjonen til Europa - *Unionen har fått 200 millionar fra Norge*

Kjelder: *The New Humanitarian/Irin News, regjeringen.no, EUTF, EFI, WTO*

1.300 kilometer aust for Oussoubidiagna i Mali sit ei mor ved vevstolen. Med kyndige hender vev Eveline Ouédraogo meter etter meter med fargesterkt tøy som blir til designklede. Betalinga ligg frå to til fire euro per meter. På ein god dag klarar ho halvanna meter.

Eveline Ouédraogo bur i Burkina Faso, Malis naboland. Ho arbeider i eit lite kvinnesellesskap med veverar som held hus i hovudstaden Ouagadougou. Fordi Ouédraogos dagsinntekt ligg litt over snittet i lutfattige Burkina Faso, kan ho klare å skape ei tryggare framtid for seg og barna. Kanskje vil dei ikkje vekse opp med draumen om å reise over havet. Til Europa.

Næringsutvikling stoppar migrasjon

Veveriet blir støtta av Ethical Fashion Initiative (EFI), eit utviklingsprogram som blir drifta av FN og Verdas handelsorganisasjon

(WTO). EFI er ein av mange mot-takarar av EU-euro.

I 2015, midt under flyktning-krisa, etablerte EU eit stort Afrika-fond. I dag rommar EU Trust Fund (EUTF) kring 46 milliardar kroner, og blir brukt til alt frå å halde migrantar unna Europas kyst; rause bidrag til Libyas marine som held gummibåtane unna Middelhavet, til næringsutvikling i utvalde afrikanske land - som landa i regionen Sahel i Vest-Afrika, som rommar både Mali og Burkina Faso.

Får EU-støtte

Difor støtta EUs Afrika-fond veveren Eveline Ouédraogo når ho freistar å skape ei framtid for familien som skal bli så god at migrasjonstrøgen ikkje melder seg. EU støtta Ethical Fashion Initiative, som i neste omgang støtta det kvinnelege veverfellesskapet i Ouagadougou.

Kroner frå Norge

På Malta lova statsminister Erna Solberg (H) norsk påfyll i EUs Afrika-fond. Ho lova 200 millionar, og no har Norge gjeve 200 millionar. Saman med dei siste 60 millionane, leverer utanriksminister Ine Eriksen Søreide (H) ei bruksrettleiing: «Innsatsen vår bidrar også til å redusere de bakenforliggende årsakene til migrasjon, som fattigdom, mangel på inntektsgivende arbeid og dårlig styresett», skriv Søreide i ei pressemelding etter først å ha forklart at «Norge deltar aktivt i det europeiske samarbeidet om utfordingene med migrasjon og mennesker som er på flukt».

Norges 200 millionar blir fordele til prosjekt i tre regionar, Nord-Afrika, Afrikas Horn og Sahel og Tsjadsjøen. Særleg Sahel er blitt viktig for regjeringa. I fjor la Utanriksdepartementet fram ein eigen norsk Sahel-strategi for perioden 2018-2020.



Tre tysdagar i månaden samlast babyar/foreldre/besteforeldre til babysongsamling i Betania i Stryn. Der syng vi både kjende og nye barnesongar, leikar, les barnebøker og let babyen få kjenne på rytme og bevegelse til musikk.

Babysong er eit tilbod på dagtid for mødre/fedre/besteforeldre som er heime med born i alderen 0-1 år (og opp mot 2 år). Det er dei små som deltek og er i hovudfokus, men samlinga inviterer òg til eit sosialt fellesskap for dei vaksne. På babysong kan de bli kjende med andre familiar i same livssituasjon. Babysong er ein del av kyrkja sitt arbeid med trusopplæring i Stryn/Hornindal.

Ta med

- Eit pledd e.l. som barnet ditt kan ligge på (oppå madrass)
- Kr. 50,- (Ei deltakaravgift som betalast ein gong i halvåret)

Tid og stad

**Betania, Stryn sentrum
Tre tysdagar i månaden, klokka 11.30 – 12.30**

Fellesskap

Vi på babysong ynskjer å ta vare på det gode fellesskapet mellom foreldra og småborna, der alle føler seg inkludert og velkommen. Vi legg opp til sosialt samvere for små og store etter babysongøkta. I år veit vi at det er tilbod om babykafé i sentrum tysdagar, og mange av dykk har sikkert lyst til å ta kaffikoppen der. Kanskje vi kan gå i lag heile gjengen?

Vel møtt! Vi gledar oss til å treffe nettopp deg og babyen din!

Følg med på gruppa Stryn Babysong på Facebook for oppdatert informasjon.

Trusopplæringa i Stryn/Hornindal, v/kyrkjelydspedagog Martine Bø Solbakken



DEN NORSKE KYRKJA
Stryn kyrkjelege fellesråd

Ny organist

av Henny Koppen



Anders Kvile

Trusopplæring

BABYSONG HAUST 2019
Tre tysdagar i månaden, kl. 11.30-12.30

Med etterhald om endringar. Følg med på Facebooksida
Stryn Babysong

Månad	Dato	Kva? Kvar?
September	03.09	Babysong, Betania
	10.09	Babysong, Betania
	17.09	Babysong, Betania
	24.09	Ikkje babysong
Oktober	01.10	Babysong, Betania
	08.10	Haustferie. Ikkje babysong.
	15.10	Babysong, Betania
	22.10	Babysong, Betania
	29.10	Ikkje babysong
November	05.11	Babysong, Betania
	12.11	Ikkje babysong
	19.11	Babysong, Betania
	26.11	Babysong, Betania
Desember	03.12	Babysong på Stryn Omsorgssenter. Kjekt om mange kjem for å spreie førjulsglede!
	10.12	Babysong, Betania
	17.12	Babysong, Betania Julesamling. Vi deler ut julegåve til babyen!

Vel møtt til både små og store!



Vi var spente når vi lyste ut organiststillinga i Stryn denne våren. Etter at Oddvar sa frå seg spelning i Oppstryn, Nedstryn og Loen, såg vi for oss at det kunne bli ei vanskeleg framtid med å skaffe vikarar til alle arrangement i kyrkjene. Men så søkte Anders, og all bekymring vart gjort til skamme. Anders heiter Kvile til etternamn, og han er oppvachsen på Byrkjelo. For tida studerer han musikk i Volda, så han har litt reiseveg når han skal på oppdrag i Stryn. Dette ser han ikkje så mørkt på, bortsett frå at

Vi ser fram til eit langvarig og godt samarbeid med Anders. Det kan nemleg bli langvarig, for Anders er «berre» 29 år gammal.

det går mykje pengar til bensin.

Anders er musikar. Han spelar orgel, piano, trekkspel og trompet, - og dette er berre det underteikna har kartlagt så langt. Han har hatt orgelundervisning hos Anders Rinde i Gloppe, og spelt i kyrkjene der. Så har han teke to av tre år på orgelutdanninga på Griegakademiet, men valde å flytte over til Volda og satse på musikkpedagogikk etter andre året. Så no bur han nær nok til å spele i Stryn alt han orkar. Han har 50% stilling og spelar tre av fire søndagar og i tillegg i gravferder og bryllaup i dei tre kyrkjene våre. Denne sommaren har han mellom anna vikariert som bryllaupsorganist, så han har fått prøvd seg både med trekkspel og el-piano. Har har og vist seg som ein dugande akkompagnatør, og han har skrive stemmer for fiolin og trumpet.

Når du les dette har han vore musikalsk leiar for eit band som har hatt ansvar for salmekvelden i Nedstryn 1. september, noko han har lagt mykje arbeid i ved å skaffe musikarar, skrive arrangement og øve til sjølve kvelden.



"Hvis det noen gang kommer en dag hvor vi ikke kan være sammen, ha meg i hjertet ditt og jeg vil alltid være der." Ole Brumm



Haustattakkefest, 4-årsbok og sjørøvarfest!

av Beate Nes

13. oktober

- **Randabygd 11:00** Haustattakkefest med utdeling av 4 årsbok.

20. oktober

- **Oppstryn 11:00** Haustattakkefest med utdeling av 4 årsbok.
- **Utvik 11:00** Haustattakkefest med utdeling av 4 årsbok.

27. oktober

- **Loen 11:00** Storfamiliegudsteneste / Haustattakkefest.
- **Hornindal 11:00** Haustattakkefest med utdeling av 4 årsbok.
- **Ljosheim 16:00** Haustattakkefest

med utdeling av 4 årsbok. Ved Harald Runde

I tillegg inviterer vi alle 4 åringerne i indre Nordfjord til Sjørøvarfest. Dette er eit fellestiltak i trusopplæringsplanen. Der barna får treffast på tvers av sokna, og får sjå at dei er ein del av eit større fellesskap. For at alle skal kunne vere med vert det to festar, så har ein to datoar å velje i. Det vert sjørøvarfest i Nedstryne 29. september og i Randabygd 13. oktober.

Invitasjon til både gudsteneste og sjørøvarfest kjem i posten.



Gentleman Jim i ord og tonar

James «Jim» Travis Reeves var ein kjent amerikansk countryartist som døde mens han sto på toppen av si karriere som songar og musikar.

- Fødselsdato: 20. august 1923, Galloway, Texas, USA
- Døde: 31. juli 1964, Brentwood, Tennessee, USA
- Ektefelle: Mary Reeves (g. 1947–1964)

Oldendagane med konsert i gamlekirkja på søndag er blitt ein godt innarbeidd tradisjon. Det er soknerådet i samarbeid med Oldendagane som er konsertarrangør. Sjanger, artist og publikumsoppslutning varierer frå år til år. Dei to siste åra har soknerådet valt artistar innanfor country/gospel-musikken og det har vist seg å slå til. I fjor var det JC-Band frå Volda som framførte Johnny Cash songar og melodiar og i år var det sulaværingen Edgar Paulsen, som bur på Melhus, som fortalte om Jim Reeves og delte tolkjende og kjære songar frå Reeves sitt rikhaldige repertoar. I år som i fjor var det eit publikum på godt over hundre personar, og det tolkar arrangøren som eit teikn på at dette er musikk og artistar som folket vil ha.

Arild Aabrekk ønska på vegne av arrangøren både artisten og publikum velkomne, og fekk latteren fram då han, som han sa, "håpa at alle hadde funne seg ein god stol og teke med seg varme kle". Alle som har vore i gamlekirkja og nytta dei sitjefasilitetane som kyrkja har å by på, veit inderleg vel at det er ikkje sittekomforten som trekkjer publikum til kyrkja, ei heller romtemperaturen. Nei, dei fleste kom nok på konserten for å oppleve fin song, friske rytmear og godt felles-skap. Og når artisten serverte publikum kjende og kjære Reeves songar med fengjande rytmear og formidla interessante fakta om låtskrivaren sin bakgrunn og virke, så fekk publikum det dei ønska. Tilbakemeldingane tyder i alle fall på det. Med si djupe og behagelege barytonstemme, gitaren og munnspelet,

kunne ein lure på om det var originalversjonen sjølv, med tilnamnet "Gentleman Jim", som stod på "scena".

Jim Reeves vart fødd i Galloway, Texas, der han vaks opp med mora og åtte eldre søskene. Faren døde då Jim berre var ti månader gammal, og mora måtte både drive garden og forsørge familien åleine. Fem år gammal fekk Jim sin første gitar som var gammal og godt brukt. Kort etter fekk han høre ei Jimmy Rodgers-plate som broren hans hadde, og frå dette tidspunktet var Reeves bestemt på å bli countryartist. Gjennom 1950-talet og på starten av 1960-talet hadde Reeves ei rekke hitlåtar på listene, både i USA og elles i verda. Han sto på toppen

av karriera då han omkom i ein flystyrt den 31. juli 1964, saman med sin pianist og manager Dean Manuel.

Takk til Edgar Paulsen for ein fin konsert. Han avslutta med songen Whispering hope, og minnte publikum på kor viktig det er å ha håpet med seg i kvardagen. For meg vart denne konserten ei "kulturmusikalsk" gudsteneste, og vi kan godt ha fleire slike. No får vi vente til neste sommar og sjå kva Soknerådet og Oldendagane då kan by på i gamlekirkja. Spennande blir det. Men ein ting er sikkert, benkane blir like harde å sitje på som dei alltid er. Men det er slik det er i gamlekirkja. Velkomne tilbake neste gong, og ta gjerne med sitjeunderlag.

EA



Edgar Paulsen framfører songar frå Jim Reeves sitt repertoar

«Ei heilt førsteklasses gudsteneste», med utdeling av seksårsbok

av Martine Bø Solbakken



«Du er førsteklasses,- skapt av Gud og unik» var bodskapen til førsteklassingane som tok del i den heilt spesielle gudstenesta veka før skulestart. Den raude løparen var rulla ut, og ballongar både ute og inne pynta kyrkja til fest. Førsteklassingane fekk utdelt 6-års-boka som dei fekk putte rett opp i skulesekken.

Gjennom song, bøn og forteljing fekk kyrkjelyden høre at Gud er nær når ein skal inn i noko nytt og ukjent, og at det er menneska som er kyrkja sine aller største skattar. Etter gudstenesta vart det laga til kyrkecaffi på kvit duk som vart rulla ut i midtgangen. Stor stas!

Førsteklassesgudstenestene var i år i Nedstryne, Hornindal og Olden kyrkje, og førsteklassingar frå alle kyrkjelydane var inviterte til å vere med.



1. Klasse Hornindal



1. Klasse Hornindal



1. Klasse i Olden



1. Klasse i Olden



1. Klasse Nedstryn



1. Klasse i Olden



1. Klasse Nedstryn

Kulturgudsteneste på Svermuseet

av Hege Høiby



Anders Svor museet i Hornindal

Fyrste helga i august var det kulturdagar i Hornindal, og kyrkjelyden feira, tradisjonen tru, gudsteneste på Svermuseet.

I år hadde vi dessverre ikkje lukkast i å få med oss ekstra musikarar, men organist Anitha Kvamme spelte og sokneprest Hege Høibye song.

Museet og statuane til Anders Svor gav ei flott ramme rundt gudstenesta.

Den menneskelege skaparevna var tema for preika, og korleis eventyra heng saman med evangeliet. Her henta Hege fram tankane til forfattaren J.R.R. Tolkien og erfaringane frå då ho sjølv var forteljar.

Omlag 50 menneske hadde funne vegen til museet den dagen, og vi er glade for samarbeidet med Anders Svor museet, som gjer denne gudstenesta mogleg.



Anders Svor statua "Mot morgenrauden", som vi også har ein kopi av i kyrkja

Konfirmantar i Innvik og Utvik 1959



Konfirmasjonsbilete frå 1959 - Innvik og Utvik

Biletet er av eindel av konfirmantane i Innvik kommune i 1959 og er teke utanfor Innvik kyrkje, truleg frå den siste lese-dagen i midten av september det året, fortel eigaren av biletet Gunnhild Fjellvang. Vi las for presten i Innvik kvar fredag heile sommaren fram til vi vart konfirmerte på hausten. Det var mange konfirmantar dette året, og konfirmantane frå Blakset og Innvik vart konfirmerte 20. september i Innvik kyrkje medan konfirmantane frå Utvik, Tistam, Hopland og Fjelli vart konfirmerte i Utvik kyrkje 4. oktober, seier Fjellvang. Søndag 8. september 2019 møttes vi på nytt til 60-årsjubileum alle som framleis er i live og hadde anledning. Bilete frå denne samlinga kjem i neste nummer av Kyrkjeklokka.

Første rekke frå venstre

Nelly Skogstad, Hjørdis Gald, Aase Skaaden, Else Kaarstad, Nordrun Vagstad, Oddny Roset, Jorunn Hopland, Reidun Hopland, Reidun Tvinnereim, Anne Lise Støve.

Andre rekke

Einar Fossheim, Bjørg Hopland, Magnhild Rosenlid, Aase Kaarstad, Ingrid Torheim, Ingebjørg Tisthammer, Audhild Ulvedal, Kari Bruland, Alvild Frøholm, Ragnhild Valaker.

Tredje rekke

Magne Berstad, Kari Nesdal, Kari Hilde, Gunnhild Fjellvang, Berit Ødegård, Jorunn Nytun, Marit Egge, Margun Frøholm, Grete Hilde.

Fjerde rekke

Per Verlo, Jens Nesdal, Arne Myklebust, Per Kjell Aaland, Sokneprest Hauge, Harald Tisthammer, Asbjørn Valaker, Terje Vandberg, Asbjørn Hage, Bjørn Aardalsbakk.

Bakarste rekke

Per Heimlid, Matias Skaar, Harald Lyslo, Nils Fonn, Sveinung Almenning, Arne Roset, Jostein Hilde, Lars Verlo, Tormod Hauge, Petter Kjell Nesdal, Helge Hammer, Trygve Solvang.

Rolf Skrede var også konfirmant dette året men er ikkje på bildet då han hadde teke til på skule på Sandane.

Eg vil halde fram med å snakka om nattverden, og ta for meg den delen som kallast Verba eller innstiftingsorda.

Gudstenesta kan delast inn på fleire måtar, og vi kan sette opp strukturen på fleire måtar. Eg har snakka om den todelte strukturen før; Orddelen og Måltidsdelen (i første nr av Kyrkjeklokka i år). Måltidsdelen, nattverden, er ein såpass omfattande del, at den har sin eigen struktur, som kan skildrast på denne måten:

- Førebuing
- Takkseiing og bøn - også kalla eukaristibøn eller nattverdsbøn
- Fredshelsing og brødsbryting
- Agnus Dei (Du Guds lam)
- Måltidet (utdeling)
- Avslutting

Nattverdsbøna er det lengste og mest omfattande leddet, det byrjar med prefasjonsdialogen, der presten helser kyrkjelyden med orda: "Herren vere med dykk" og sluttar med Herrens bøn. Det er ei takkebøn, og namnet eukaristibøn kjem frå det greske ordet for takk, eucharisto. Eukaristi er også eit av namna for nattverden.

Innstiftingsorda reknast som ein del av bøna, men den inneheld også ei forteljing. Det er ei av orsakene til at de kan oppleve at prestar gjer denne delen noko ulikt. Somme vil, også i kyrkjer der alteret er vendt mot aust, vende seg mot kyrkjelyden under disse orda, medan andre blir ståande vende mot aust. Det kjem an på om dei tolkar bøna som viktigast, eller forteljinga.

Innstiftingsorda er ein fast tekst. Den er lik dei forteljingane som finst i bibelen om innstif-

Liturgisk hjørne: Verba

av Hege Høiby

Nattverdsbøna har også sin struktur:

- Prefasjonsdialog (innleiande helsing)
- Prefasjon (innleiande lovseiing)
- Sanctus (Heilag, heilag, heilag)
- Lovseiing der vi minnast frelseshistoria
- Epiklese (påkalling av Anden)
- Verba (innstiftingsorda)
- Mysteriet i trua
- Lovseiing og bøn fortset
- Herrens bøn (Fadervår)

tinga av nattverden, men ikkje ordrett henta frå ei av dei. Det er fire stader i bibelen som fortel om dette, og innstiftingorda vi brukar, er mest lik orda i 1. Kor 11, 23-25, men er omforma til liturgisk bruk, og henta element frå forteljingane i Matteus, Markus og Lukas. Orda lyder:

"Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg."

Orda kan delast inn i ein forteljingsdel, som fortel kva som blir gjort. Oftast blir denne delen også til ei grad spelt ut ved at presten tek brøda når ho seie "tok han eit brød" og nattverdkalken når ho seier "tok han kalken".

I tillegg har vi den direkte talen, det vil seie dei orda Jesus seier, som også blir kalla kon-

sekrasjonsorda. I vår kyrkje er det dei orda som innvie brød og vin og gjer dei til noko meir enn vanleg mat. Desse orda må være med for at det skal vere ei rett nattverd. Om det skulle vere for lite brød eller vin, seier gudstenesteboka vår at meir brød og vin må innviast, og dette kan gjerast med ei kort takkebøn og innvigsorda: "Dette er min kropp. Ta imot og spis." og "Detter er mitt blod. Drikk alle av denne kalken."

Når innviinga av brøda og vinen er så viktig, er det fordi det heng saman med kva det er som gjer et sakrament til et sakrament. Vi må både ha elementa – det synlege teiknet – som er brød og vin, og Ordet som forvandlar elementa. Dei er ikkje lengre vanleg brød og vin, men Jesus Kristus er tilstades i brød og vin med sin kropp og sitt blod.

Såleis har innstiftingsorda fleire lag og funksjonar; vi minnast kva Jesus gjorde det siste måltidet med læresveinane, men orda forvandlar også brød og vin til Jesu lekam og blod og gjev oss ein stad der vi kan vere sikre på at han er tilstades.

Nytt tak på Innvik kyrkje

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo Foto: Geir-Ståle Vatnamo

Etter fleire års planlegging, og etter at det er løyvt pengar fra kommunen, vart det i vår lyst ut anbod på skifte av kyrkjetak i Innvik. Byggmester Inge Kolås AS frå Ørsta fekk anboden.

I slutten av juni rigga dei seg til med stillas rundt heile kyrkja, og med brakke på parkeringsplassen.

Sidan har ingen ting skjedd. Det er sikkert mange som lurer på kvifor. Svaret er fuglane som bur under taksteinen. Tårnseilarane er ein artig fugletype, som reiser til sydlegare strøk når ungane er flygedyktige. Dei er ikkje freda, men i hekketida er det ikkje lov til å forstyrre dei. Det har vore tett dialog med fuglekjennarar både lokalt og på miljøvernnavdelinga hos Fylkesmannen. Entreprenøren har venta tålmodig, sjekka stoda stadig vekk, og ori-entert oss om framdrifta. Sjeldan

har nokon venta så på at hausten skal kome, som soknerådet har gjort i det siste!

Straks «leigebuarane» er reist sin veg, startar arbeidet opp for fullt. (Det er forhåpentlegvis skjedd for lenge sidan når dette blir lese). Når entreprenøren har fått tatt av taksteinen, ser dei kor mykje som må skiftast av treverket under. Ein del av den gamle taksteinen skal brukast oppatt, og elles gjer entreprenøren det dei kan for å skaffe stein som er mest muleg lik den gamle, slik Riksantikvaren har sagt. Så skal det tettast, slik at fuglane ikkje får lov til å flytte tilbake.

Det har så langt vore ein ryddig prosess mellom Fellesrådet, Riksantikvaren og entreprenøren. Vi ser fram til å få «nytt» kyrkjetak, og håpar at fuglane finn seg ein ny heim når dei kjem tilbake til våren.



Innvik kyrkje, klar for å få vøla taket!



Biletet henta frå: Av pau.artigas - *Falciot* #2Uploaded by Snowmanradio, CC BY-SA 2.0, <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=10187946>

Tårnseiler (*Apus apus*) er en art i seilerfamilien og regnes som en lang-distansetrekkfugl. Den har svært korte lemmer, og det vitenskapelige navnet, som er beslektet med gresk, betyr faktisk «uten bein».

Noen har hevdet at arten kan holde seg på vingene i opptil tre år, uten å lande, men dette har aldri blitt dokumentert. Det er derimot nå bevist at den kan holde seg på vingene i opp mot ti måneder i strekk. Tårnseileren spiser, sover og parer seg på vingene, og lander kun for egglegging eller kortere hvile. Nomiatformen hekker blant annet i Norge, hovedsakelig på Sørvest- og Nordvestlandet, Sørlandet, Østlandet og i Trøndelag.

Tårnseileren blir rundt 16–18 cm lang og veier typisk 31–52 g. Vingespennet utgjør cirka på 40–50 cm. Arten ble tidligere kalt tårnsvale, men siden den ikke er i slekt med svalene fikk den nytt navn. I motsetning til svalene er tårnseileren mørk i buken. Den brunsvarte farven brer seg over hele fuglens fjærdrakt, bortsett fra på strupen, der den har en lys flekk, og undersiden av vingene og stjerten, som er lysere. Stjerten som sådan er kløftet.

De sigdformede vingene er svært lange og spisse, og de undre ekstremitetene svært korte. Det gjør at fuglene ikke kan ta av fra flater, og derfor aldri lander i flatt terren. Når den lander er det som regel på en grein, kraftledninger og andre steder der den kan gripe fast med de korte lemmene, uten at vingene når ned i underlaget. Tårnseilerne er raske flygere som kaster seg fram og tilbake på insektjakt, eller på flytur med artsfreder. Lyden er et karakteristisk skrikende og gjentatt "sriii". Tårnseilerne kan bli gamle. Den eldste kjente fugl ble 21 år og 1 måned

Wikipedia

Vern om skaparverket

av Marie-Johanne Folven

For 40 år sidan var eg med i ei gruppe i Noreg av unge, idealistiske menneske som ville snu straumen i det vi kallar utviklinga. Namnet var: Samling om Skaparverket. Grunngjeving for arbeidet den gongen var teikna på at jorda sine ressursar såg ende, og den bibelske oppfordringa om å «dyrke og vakte hagen». Sidan då har livet gått sin skeive gang med avskoging og urbanisering, vegbyggjing og industri: Jord, luft og hav har blitt skadelidande på ulike måtar. Resultata kjem oss i møte: Klimaet på jorda er i endring og vi er medansvarlege i det som skjer i naturen.

Så spør vi oss sjølve og kvarandre: Kva kan vi gjere? Korleis kan vi påverke i våre liv til ei rett utvikling? Det verkar uoverkommeleg å ta inn over seg lidingane til alle dei flaumramma i Bangladesh, klimaflyktningar i tørkeramma land i Afrika m.m.

Ein kan lure på om det ikkje fanst slike kriser tidlegare og, men då hadde vi ikkje tilgang til all informasjonen om dei, ikkje tv-sendingar og nyheiter som forkynnte det mange gonger om dagen. No kan vi ikkje unnskyldje oss med at vi ikkje veit. Og det som er saka i dag, er at endringane i klimaet skjer så fort. Vi kan sjå over ein sommar at Breifonna smeltar lenger opp enn tidlegare år, likeins brearmane og isen ved polane. CO₂-utslepp vert med eitt aktuelt tema for heile den industrielle verda, og handling må til. Ord er ikkje nok.

Mahatma Gandhi sa: "Du må

vera den forandringa du vil sjå i verda." Det vil seie at vår livsstil må vere berekraftig, vårt forbruk og fotavtrykk er avgjerande for korleis dette går. Det seiest at ingen kan gjere alt, men alle kan gjere litt. Det trur eg på. Når alle går inn for å spare på forbruksvarer, ikkje kaste mat, reparere tøy og anna som vert slite, køyre og fly minimalt, sortere søppel og behandle jorda med respekt, kan vi kome på rett veg. Guds frykt med nøysemd var tidlegare ei rettesnor for livet som ikkje er å forakte. Også no er oppdraget «å dyrke og vakte hagen.»

Gjennom tida som lærar har eg opplevd litt av kvart. Noko av det som har glede meg mest, er borna sin spontane iver og interesse for natur og samanhengar i naturen. Ta for eksempel vatnet sitt krinslaup. Ved ei enkel skisse kan ein følgje vatnet si vandring frå havet til skyene, inn over land og ned som ferskvatn eller snø i fjellet. Deretter i elvar og bekkar tilbake til havet. Enkelt og visuelt, og det gjev mange gode samtaler om viktigheta av vatnet. Slik er det med mykje i naturen, det heng saman. Fotosyntesen, maurtua, biene, års-tidene og mange, mange andre – alle er dei under i naturen som gjev ærefrykt for livet.

Plast i havet er meir enn berre det, no regnar det plast i Rocky Mountains og i Pyrineane. Forskarar har funne ut dette, og at der er microplast i grunnvatnet i USA. I neste omgang får vi partiklane inn gjennom vatnet i springen. Så vi treng dugnader for å rydde strender og vegkan-

tar, oppsamling av landbruksplast ikkje minst.

Turisme er ei av våre største næringar i Nordfjord. Og kva spør turisten etter? Jau, overnatting og mat. Men og opplevingar, helst i natur som er mest mogleg naturleg og urørt. Og vi legg til rette, gaidar og fortel om gamle stader og driftsformer, historie og spesielle hendingar. Også turismen skal vere berekraftig, og det krev mykje av dei som er i næringa.

Tilbake til barnet. Lat dei små få kjenne, smoke, lukte, sjå, lytte og oppleve naturen frå dei er bitte små. I staden for tid framfor skjermen, slepp dei berrføtte ute på gras og steinar, i lyng og sand. Gje dei tid til å ta inn all den fine naturen vi har rundt oss, ikkje stress med å nå eit mål som ligg langt der framme. Slik gjev du varige verdiar vidare til dei som kjem etter oss. Og dei vil igjen forstå kva som er viktig og verd å kjempe for.

Lat dei små få kjenne, smoke, lukte, sjå, lytte og oppleve naturen frå dei er bitte små. I staden for tid framfor skjermen, slepp dei berrføtte ute på gras og steinar, i lyng og sand. Gje dei tid til å ta inn all den fine naturen vi har rundt oss, ikkje stress med å nå eit mål som ligg langt der framme.

Skaparunderet

*Av Marie Louise Widnes –
(frå samlinga Kvardagsdikt)*

Har du sett når bjørka dryp av diamantar etter badet av ei himmelsk tåreflod?
Har du sett ei regnverssky med gylte kantar - har du sett ei flamme fate av ei glod?
Har du sett når småfugl yrer utfør glaset og tek takksamt for seg smular frå ditt bord?
Har du sett ein doggblank spindelvev i graset?
Det er venleik overalt på denne jord.

Det finst reglar for dei minste vesle kjerner, universet er fullkommen harmoni.
Kanskje finst det andre solsystem og stjerner som kan overgå vår høgste fantasi.
Men den kløkt som kvelvde himmelrømder over, la sin plan for mauretrakk og melkeveg –
For atomer som for kloder gav han lover. Kvifor trur du at han planlaust skapte deg?

Har du sett eit stjerneskot på kvelven renne? Har du sett ein blomst ved fonnfar skyte knopp?
Har du sett ei avdagssol i raudglans brenne, og ein plante av eit frökorn vekse opp?
Har du kjent deg som eit null mot majesteten, og mot makter som ein angstfull liten tust?
Han som skapte både støvet og planeten har ei mening med den minste, vesle dust.

Difor skal du ikkje reddast, berre fegnast over trådane han samlar i si hand.
Som hans minste vesle plante skal du hegna.
Du er meir enn både klorar, hav og sand.
Men når bjørka står med tusen perler klåre, skal du takke for den venleik du får sjå,
At han lever i ditt smil og i di tåre, at han syner deg det store i det små.

Og då er du aldri einsam under ferda, sjølv om vene fer og lendet vert deg bratt.
Attmed sida har du han som skapte verda, og som styrer høgd og avgrunn dag og natt.
Og ein gong skal all den venleiksprakt han skapte kome nær, og du skal sprengje tid og rom.
Då skal paradiset, det du eingong tapte – vere ditt, og du skal sjå hans herlegdom.

Et dikt med bønn for de lidende

Jeg satt en morgen i loftstova på Holmely da det stormet ute. Jeg leste i en keltisk bønnebok, et dikt med bønn for de lidende, og siterer: «Vi ber; la frihets-bølger slå mot strand og rettferd råde i hvert land».

Da jeg så opp, slo store bølger inn over svaberget i stormen. Andre gang jeg bad denne strofen i diktet, hadde fjorden stilnet.

Naturen taler sitt tydelige språk til oss! Utenfor loftsvinduet fløy måkene lavt, men så la de seg på vinden oppstrøms. De lot seg seile av gårde - «bærende». Vi kan også få legge oss på Den Hellige Ånds vindstrømmer i stormen og bli holdt oppe og ført videre i livet. I midten av livsstormen er det et stille punkt; hos Jesus Kristus. Senere leste jeg denne bønnen: «Kristus, du som stilte stormen, still all uro inni oss. Kristus, du som nedkjempet ondskapen, nedkjemp all ondskap som omgir oss. Amen»

Hilsen Brit Lundby Hilde

Saman om skatten- ei familiesatsing!

av Beate Nes

Vi treff «ofte» familiar som ynskjer eit fellesskap knytt til kyrkja, men som opplever at dei er dei einaste med born når dei går til kyrkje, utanom når det er gudstenester der heile kull er invitert. Dette har vi lyst å prøve å gjere noko med. Vi har lyst å skape eit familiemiljø på tvers av kyrkjelydane, kanskje som ein slags familiesøndagsskule i kyrkja.

I forkant av søndagsgudstene neste ynskjer vi å samle folk til

felles middag, og familiesamling ein vekedag. Følg med i avis og på nett. Vi har laga ei eigen gruppe på facebook. Den finn du om du søker på «*Saman om skatten - ei familiesatsing*». Draumen er at vi kanskje etter kvart også kan få til ein felles familieleir for indre Nordfjord.

Den første samlinga hadde vi på Betania 13. august. Vi var 15 små og store (denne gongen kom det familiar frå Olden og Stryn) saman frå kl. 16-18. På

Vi planlegg fleire søndagsamlingar i haust.

- 18. august,
- 29. september
- og 27. oktober.
- I tillegg vert det kanskje ei advent/julesamling.

den stunda rakk vi middag, samling med song og bibelfortelling der vi fikk vere med å leite etter mynten som var borte, og alle fekk lage si eiga eske til å ha skattar i. Dette var kjekt! Neste gong vil vi gjerne ha med fleire :-)



50 års konfirmatane 2018 i Nedstryn

ved Helene Kleppe



1. rekke frå venstre Britt Nesje Torvik, Randi Bø Erdal, Henny Bringsvor Staalnacke, Else Tonnning, prest Henny Koppen
 2. rekke frå venstre Audun Heggestad, Berit Garlid Svalheim, Bjørg Sunde Øvrebø, Kari Lunde Vartdal, Helene Kleppe
 3. rekke frå venstre Ola Årheim, Paul Hool, Per Kristian Storevik, Oddvar Risnes

Vær varsom, kjære menneske....

*Det er så lett å dømme
 når en annen gjør no `galt...
 Vi kneiser lett med nakken
 ter oss "riktig og normalt..."*

*Vær varsom, kjære menneske,
 når du skal gi din dom,
 så kanskje du blir mildere
 når du får tenkt deg om...*

*Ved neste kryss i livet
 kan det hende det er du,
 som snubler litt og faller
 før du skjønner du må snu...*

*I stedet for å håne
 kan du rekke ut ei hånd,
 så kanskje turen bremser
 før den ender helt på "bånn".*

Ann-Heidrun

"Sanninga er som sola.
 Du kan stengje den
 ute ei stund, men den
 forsvinn ikkje".

Elvis Presley



Irsk tekst frå 700-talet. Oversett til engelsk ved Mary Byrne 1905 og Elanore Hull 1912.

Oversett til norsk 1978 av Arve Brunvoll. Melodi: Irsk folketone Salmen er oversett til 19 språk iflg Wikipedia.

Eg har vore spesielt glad i den engelske versjonen, «Be Thou my vision» med Roma Downey. Ho formidlar frå hjarte til hjarte. Seinare oppdaga eg for alvor den norske utgåva.

Den er blitt min salme. Det er fasinerande at ein kan kjenne seg slik igjen i ein salme laga på 700-talet. Han går rett inn i min kvardag. Her får eg legge fram mi bøn og min lengt etter Guds nærvær, og min lengt etter påfyll frå Han. Her finn eg kvile, -«lat meg vere barn her hjå deg».

Når livet røyner på, ser eg i tredje verset, kvar hjelpa er å hente. Den tryggheita «er prøvet og erfaret», som den gamle emissären sa. Herren er mi tryggaste vakt.

Salmen fortel vidare om arven som varer til sist, eit evig liv i Guds rike. «Ver du mi tru, -til eg får skoda din herlegdom der.» Det er den trua eg har og det håpet eg ber på!

Til å skrive om min salme neste gong utfordrar eg Christine Helgesen Haugen frå Hornindal.

Min salme

av

Annlaug Hole Nygård

Deg å få skode

Irsk tekst og folketone

1: Deg å få skode er sæla å nå,
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå,
ver du for tanken min dyraste skatt,
ljoset som strålar ved dag og ved natt!


2: Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,
tal du det levande ord med di røyst!
Far, lat meg vere barn her hjå deg.
Kom til meg, Herre, ja bu du i meg!

3: Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd,
ver du det merket som syner mitt verd.
Livd for mi sjel, den tryggaste vakt,
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!

4: Rikdom og ære som menneske gjev,
er ikkje meir enn den morknande vev.
Du er min arv som varer til sist,
himmelske konge, det veit eg for visst

5: Konge i æva, å lat du meg då
sigrande inn i ditt rike få gå!
Ver du mi tru, den vona eg ber
til eg får skoda din herlegdom der.





Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Heim

Vi har alle vakse opp på ein eller fleire stadar. Den staden vi var på i barndomen, kallar vi heimen vår. Der budde vi i lag med foreldre eller forsytarar. Kanskje du hadde søskan, så de var fleire rundt matbordet, og du hadde nokon å leike i lag med. Nokre hadde også besteforeldre eller onklar og tanter i nærleiken.

I heimen vart du teken vare på, og du kjende deg trygg, fekk om-sorg og stell, fekk kjenne varme og kjærleik. Denne staden vart du glad i.

Ein god og kjærleg heim er ikkje avhengig av dei store romma og flotte bygningane. Det var fellesskapet, menneskevarmen og tryggleiken som gav deg opplevingar. Der hadde du tinga dine som du vart glad i. Dei andre i huset hadde sine.

Der vart ikkje sett større krav til deg enn du greidde å fylle dei, og heimen gav deg mange kunnskapar. Som det står i Håvamål: "Heime er livet lett." Naturen rundt; fjella, elvane, vegane, bøane, blomstrane og tunet var som ei ramme rundt staden.

Alle har sine indre bilete og opplevingar. Dei fleste er takksame for den heimen dei har hatt som barn. Karsten Isachsen sa det slik: "Det er en stor rikdom å ha hatt en god barndom."

Gå heim

Ein journalist midt i livet vanna ein morgen i mars 2018 med ein lys ide. "Eg skal gå heim." Han hadde budd i Oslo i 30 år. Barndomsheimen var i Hardanger. Den rekna han framleis som heim. Ideen vart røyndom. Han laga reglar for turen: Du skal gå heile vegen. Du skal snakke med alle du møter m. m. Turen tok 13 dagar. Etter denne turen har han skrive boka "Heim".

Kvart år vert det skapt nye heimar omkring i bygd og by. Som foreldre har du eit stort oppdrag: å skape ein god heim for dine.

I sommar var eg inn i ei gamal stove. Høgt oppe på ein av veggane hang eit stort brodert bilet. Der stod; "Gud beskytte vårt hjem!" Det var ikkje berre i gamle dagar dei trong å be denne bóna, men også i dag.

Velkommen heim

"Då eg vaks opp i Jondal, lengta eg ut i verda og opp på scenen, og då eg kom ut i verda, lengta eg heim igjen. Slik trur eg det er for veldig mange", sa Herborg Kråkevik.

Mange dreg ut i verda, og ikkje for alle lukkast livet. Nyleg las eg om ein mann som hamna i fengsel. Han fortalte: "Fengselskapellanen gav meg ein Bibel, men eg kjende meg skamfull. Eg fekk ein Bibel då eg var


9- 10 år, og eg las i han. Som 18 åring vart det slutt. No angrar eg på eit utsnevande liv. No vert det eit fengselsopphald i fleire år, men no har eg teke eit nytt val for framtida, og tenk kona mi ventar på meg. Ho har tilgitt meg. Ja, det er godt at der er ein veg tilbake og at der er opne dører heime.

Ein ung prest som skulle ha konfirmantar for første gong, fekk eit råd av soknepresten:


"Du må innprente dei unge forteljinga om den bortkomne sonen. Dersom den sit fast i minnet, vil dei ha noko å gripe fatt i når som helst dei har bruk for å finne vegen tilbake til Gud". Gud ventar og kallar på den som har gått seg bort. Men det er ein ting Gud ikkje gjer. Han kjem ikkje å hentar oss så lenge vi snur ryggen til han. Vi må stå opp å gå vegen tilbake. Då kjem Gud oss i møte.

Forteljinga om den bortkomne sonen finn du i Luk. 15. 11-32. Les den på nytt!





Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

Nedstryn

Døypte

21/7 *Robin Kristiansen Lunde.*
For. Edel Kristiansen og Ole Bjørn
Lunde. Døypt i Vega kyrkje
21/7 *Oskar Michaelsen.*
For. Karianne Andersen Michael-
sen og Marvin Lunde Michaelsen
18/8 *Tiril Bøe Sætre.*
For. Marita Sætren Bøe og Emil
Andre Sætre

Vigde

25/5 Lise Helen Hollsten og Endre
Vonheim

Døde

23/5 Torodd Tenden f. 1959
24/5 Lyngve Flo f. 1939
25/5 Ida Marie Nesje f. 1931
12/6 Arne Auflem f. 1943
14/6 Marie Klara Garlid f. 1917
15/6 Kjellaug Sunde f. 1934
15/6 Oddny Kåra Solfrid Risøy f. 1949
27/6 Oddmund Vik f. 1933
3/7 Anna Skrivervik f. 1925

Loen

Døypte

28/7 *Maia Kvame Sandnes.*
For. Mari Skåden Kvame og Eirik
Skarstein Sandnes
28/7 *Luna Bøe Bjørkevoll.* For.
Monica og Johan Bøe Bjørkevoll
28/7 *Sigrid Hilde Haugen.*
For. Malene Haugen og Bjørn
Kjetil Hilde
28/7 *Nora Lovise Sølvberg.*
For. Fride Marie Kvamme og
Kenneth Sølvberg
11/8 *Noah Fløre Rasmussen.*
For. Eilinn Fløre og Kenneth
Seime Rasmussen
11/8 *Mikael André Solheim.* For.
Aileen Balana og Kristian Solheim

Vigde

20/7 Mette Sandal og Rune Ervik

27/7 Kristina Åsheim og Glenn
Torgersen

10/8 Camilla Nygård og Andre Sunde

Kyrkjeleg velsigning

3/8 Ann-Kristin Ihler og Cas
Benjamin Joy

Døde

4/6 Eivind Haugen f. 1951
11/7 Petra Sønsterudbråten f. 1940

Oppstryn

Døypte

25/8 *Kristian Sandbakk.*
For. Silje Guddal og Malvin Sand-
bakk

25/8 *Audun Bøe.*

For. Rita Gausemel og Gisle Bøe

Døde

7/7 Jens Rogne f. 1942

Hornindal

Døypte

9/6 *Synva Ringheim-Bakka.* For.
Ingvild og Thomas Aleksander
Ringheim-Bakka
30/6 *Sander Poondee Leivdal.*
For. Watcharaporn og Svein Tore
Leivdal
30/6 *Kamilla Pamerneckaité*
Frøysa. For. Rasa Pamerneckaité og
John Even Brendefur Frøysa
4/8 *Chris Arne Espe.*
For. Catherin Tablate Espe og Pål
Reidar Espe
18/8 *Ida Raftevold Fjellvang.* For.
Siri Lunde Raftevold og Tormod
Andre Fjellvang

Vigde

29/6 Magnhild Oline Taraldset og
Jørgen Dragesæt
17/8 Carina Elvegård og
Matthew Robert Reynolds

Døde

29/6 Rasmus Sigwart Otterdal f. 1939

Randabygd

Døypte

1/6 *Oliver Sølvberg-Skrede.*

For. Cathrine Sølvberg og
Ove Morten Skrede

16/6 *Leiv-Samuel Nesbakk Rand*
For. Vibeke Rand og Stig Ove
Nesbakk.

Nordsida

Døypte

10/6 *Oskar Haukenes Ulvedal.*
For. Aina Beatrice Haukenes
Holand og Hans Markus Ulvedal

Døde

15/7 Edel Annie Roset f. 1942

Olden

Vigde

27/7 *Kudzayi Mazikana og Eva Borte*
10/8 Erik Øverlid Rogne og Renate
Stokke. Vigde: Yrineset i Oldedalen

Innvik

Døypte

14/7 *Oda Homdrom Westvik.* For.
Martin Westvik og Kine Maren
Homdrom. (Døypt i Hovåg krk.)

Vigde

29/6 Magne Olav Reme og Anja
Steen Janngard.

Døde

19/8 Herleif Hammer, f. 1931.


Utvik

Døypte

30/5 *Markus Tisthamar Haveland.*
For.: Marius Haveland og Kari-
Anne Tisthamar Haveland. (Døypt
i Innvik)

Døde

01/6 Eldbjørg Myklebust, f. 1919
16/8 Helga Tisthamar, f. 1930.



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisas "Fjordingen".

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

22. september; 15. s i treeinings-tida – Joh 15, 9-12

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane. Ved Henny Koppen

29. september; 16. s i treeinings-tida – Matt 11, 16-19

Mikkelmesse i 2019 – Joh 1,47-51

- Nedstryr 11:00 Storfamiliegudsteneste / Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Ved Henny Koppen og Beate Nes. Sjørøverfest for heile Indre Nordfjord etter gudstenesta
- Olden 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Ved Harald Runde
- Nordsida 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Ved Hege Høibye. Nordsida Barne-gospel vert med
- Innvik 16:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Ved Harald Runde
- Loen 18:00 Salmekveld. Ved Henny Koppen

06. oktober; 17. s i treeinings-tida – Mark 5, 35-43

- Omsorgsenteret, Hornindal 16:00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye

13. oktober; 18. s i treeinings-tida – Mark 1, 40-45

- Nedstryr 11:00 Døvegudsteneste. Ved Inge Sørheim
- Randabygd 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Ved Hege Høibye. Sjørøvarfest

for heile Indre Nordfjord etter gudstenesta

20. oktober; 19. s i treeinings-tida – Luk 9, 57-62

- Oppstryn 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Ved Harald Runde

27. oktober; Bots- og bønnedag

- Luk 15, 11-31
- Loen 11:00 Storfamiliegudsteneste / Hausttakkefest. Ved Henny Koppen og Beate Nes
- Hornindal 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Ved Hege Høibye
- Ljosheim 16:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Ved Harald Runde
- Nordsida 20:00 Kveldsgudsteneste. Ved Hege Høibye

03. november; Helgemessesøndag – Luk 6, 20-23

Minnedag – Joh 11, 19-27

- Nedstryr 11:00 Helgemesse. Minnedag. Ved Henny Koppen
- Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Randabygd 15:00 Helgemesse. Minnedag. Ved Hege Høibye. For Nordsida og Randabygd
- Hornindal 20:00 Helgemesse. Minnedag. Ved Hege Høibye

10. november; 22. s i treeinings-tida – Luk 10, 25-37

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste.

Ved Henny Koppen

- Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

16. november; Laurdag

- Nordsida 13:00 Kyrkjelyds-basar

17. november; 23. s i treeinings-tida – Matt 24, 35-44

- Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Nedstryr 19:00 Folkemusikk-messe. Ved Henny Koppen

24. november; Domssøndag / Kristi kongedag – Joh 9, 39-41

- Nordsida 11:00 Lys Vaken-gudsteneste med 3. og 4. klasse. Ved Hege Høibye. For Randa-bygd og Nordsida

01. desember; 1. s i advent



- Matt 21, 1-11
- Nedstryr 11:00 Lys Vaken-gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Loen 11:00 Lys Vakengudste-neste. For Olden og Loen. Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 «Overrek-kingsgudsteneste» i samband med at Hornindal går frå Bjørgvin til Møre bispedøme. Biskopane i Bjørgvin og Møre, prostane og prestane vert med
- Innvik 16:00 Adventsgudste-neste. Ved Harald Runde



BARNAS SIDE


Finn fem feil!

Jesus venta på dei på stranda med nysteikt brød og fisk. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Fargelegg!


Jesus viste seg for læresveinane etter at han hadde stått opp frå dei døde. Peter vart så glad at han hoppa ut av båten!



Teikningar: Kari Sætland

Hjelp ekornet å finne nøttene!

Ekorn er veldig flinke til å gjemme nøtter, men dei er ikkje like flinke til å finne igjen gjemvestadane sine. Kan du hjelpe ekornet å finne nøttelageret sitt?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Vitsar

Kannibalen var på flytur.
– Har du lyst til å sjå menyen?
spurde flyvertina.
– Nei takk, men eg vil gjerne
sjå passasjerlista.

Tre menn snakka
samан om merkelege samantreff:
– Kona mi las ei bok om tvillingar, og så
fekk ho det, sa den eine.
– Kona mi las ei bok om trillingar og så
fekk ho det, sa den andre.
– Hjelp! ropa den tredje. Kona mi sit
heime og les Ali Baba og dei
40 røvarane!

Viles

Bibel saman!



Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Jesus syner seg for læresveinane ved Tiberiassjøen

av Beate Nes

Etter at Jesus døyde, og sto opp igjen viste han seg fleire gonger for læresveinane. Den første veka vart dei igjen i Jerusalem, men så drog dei heim til familiene sine. Der ved Tiberiassjøen, viste Jesus seg igjen for læresveinane, og det gjekk slik til:

Fleire av læresveinane var saman, då Simon Peter seier til dei andre: «Eg vil ut og fiska.» Dei andre reiste seg og sa; «Vi blir med deg, vi òg». Så gjekk dei av stad og steig i båten.

Fiske kunne desse karane, for det var det dei jobba med før dei møtte Jesus. Dei fiska heile den natta, men denne natta fekk dei ikkje så mykje som ein einaste liten fisk!

Då det tok til å lysna av dag, såg dei ein mann på stranda. Han ropa til dei: «Har de fatt noko fisk?» Dei såg oppgitt på kvarandre, og sa: Nei ikkje ein einaste ein, ikkje eingang litt sjøgras har vi fått. «Kast garnet på

høgre sida av båten, så skal dei få», sa han.

Dei visste ikkje heilt kva dei skulle tru, men kasta garnet ut igjen. Dei rakk knapt å få garnet ut på andre sida av båten, før det var fullt med fisk. Så mykje fisk var det, at dei ikkje greidde å dra det opp.

Johannes såg bort mot stranda, så snudde han seg til Peter og sa: «Det er Jesus!» Då fekk Peter det travelt. Utan og tenke batt han kappa om seg og hoppa i sjøen. Dei andre læresveinane kom med båten og drog det tunge garnet med fisken etter seg. Dei var ikkje langt frå land.

Då dei kom i land, fekk dei sjå eit bål der, og det låg fisk og brød på glørne. «Kom hit med noko av den fisken de fekk», sa Jesus til dei. Peter gjekk då ut i båten og drog garnet på land. Det var fullt av store fiskar, eitt hundre og femtitre i alt. Men endå det var så mange, rivna ikkje garnet. Jesus sa til dei: «Kom og få mat!» Ingen av læresveinane våga å spørja han: «Kven er du?» Dei visste at det var Jesus. Då gjekk Jesus fram, tok brødet, braut det og gav dei, og det same gjorde han med fisken.

Treng du kyrkjeskyss?

Soknerådet i Nedstryn vil organisere skyss for dei som treng det.

Dersom du vil vere med på denne ordninga kan du ringe til Henny Koppen 916 01 630 eller Svein Rønne 404 17 268.

KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sagrusten

0513



Informasjon/
Fulldistribusjon

Returadresse: Rindane, 6788 Olden

Dette kan bli årets konsertoppleveling! I Olden kyrkje tysdag 12. november kl 1900

Her er det nok lurt å sikre seg billett med ein gong!

<https://www.ticketmaster.no/event/in-memory-of-elvis-gospel-vol2-billetter/595495>

Konsertturneen har eiga side her: <https://www.facebook.com/elvisturne/?fref=ts>

FLAATA★ACKLES★BUSK

The poster features three men standing side-by-side against a gold background. From left to right: a man in a black hoodie, a man in a dark suit, and a man in a dark vest over a white shirt. To the left of the men is a circular logo containing the text 'THE CRITICALLY ACCLAIMED TRIO FAB•3 OF "ELVIS TRIBUTE SERIES"'. Below the men, the text 'IN MEMORY OF ELVIS | Gospel' is written in large, stylized letters. At the bottom, five stars are followed by the text 'VOL.2'. The bottom section of the poster is dark with white text: '90 KRITIKERROSTE KONSTER HAR I 2018 BEGEISTRET PUBLIKUM OVER HELE NORGE - NÅ KOMMER OPPFØLGEREN! DENNE KONSERTOPPLEVELSEN VIL DU IKKE GÅ GLIPP AV!'. Inside a white-bordered box, the text 'MED OLDEN SINGERS' and 'OLDEN KYRKJE • 12. NOVEMBER KL 19:00' is displayed. At the very bottom, it says 'BILLETTER : TICKETMASTER.NO TLF 815 33 133' and includes a Facebook link: [/elvisturne/](https://www.facebook.com/elvisturne/).

Neste nummer får du i posten rundt 27. november. Redaktør vert Olav R. Faleide.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 25. oktober.